

Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1619 - 16/33778

Saksbehandlar:

Kristin Moe

Kristin.Moe@lindas.kommune.no

Dato:

08.12.2016

Uttale til førebels rapport - Lindås kommune - Felles nasjonalt tilsyn

Lindås kommune takkar for godt samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland i samband med dette tilsynet. Moment som er kome fram gjennom Fylkesmannen sitt arbeid, er i store trekk kjent for skuleeigar.

I etterkant av tilbakemeldingsmøtet med Fylkesmannen har vi sett på rutine og praksis opp mot områda Fylkesmannen har poengtert i førebelse tilsynsrapportar og i tilbakemeldingsmøtet.

Lindås kommune vil informere Fylkesmannen om følgjande:

- Rektorane har gått gjennom førebels(e) tilsynsrapport(ar) for eigen skule, og skissert korleis avvika skal lukkast. Innspel frå rektorane følgjer ved dette skrivet. Skuleeigar har gått gjennom framlegga frå rektorane saman med dei.
- Skuleeigar har gått gjennom og kvalitetssikra mal for enkeltvedtak knytt til særskild språkopplæring og spesialundervisning. Desse malane er tilgjengeleg for rektorane i websak.
- Skuleeigar har arbeidd ut ny mal for avvikling av særskild språkopplæring, førehandsvarsel om spesialundervisning samt skjema for samtykke til spesialundervisning.
- Nye malar blir sendt til rektorane før jul, og skal takast i bruk frå og med 01.01.17.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- Skuleeigar har avtalt oppfølging av rektorane ved Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule spesielt, for å sjå til at avvika i tilsynet blir lukka. Einingsleiar skal alltid ha kopi av vedtak, og i løpet av våren vil einingsleiar både be om ei orientering samt gjennomføre stikkprøvar for å sjå utviklinga ved desse to skulane. Den same metodikken vil bli brukt inn mot dei andre rektorane i dei kommunale grunnskulane i kommunen.
- Skuleeigar har informert leiar for PPT om Fylkesmannen sine kommentarar og merknader til sakkunnige vurderingar. PPT vil arbeide inn ei tydlegare presisering av innhaldet i speisalundervisninga, korleis organiseringa bør vere samt tidsbruk knytt til ulike tiltak i mal for sakkunnig vurdering. PPT vil også leggje til eit punkt om rett til å uttale seg om den sakkunnige vurderinga i malen. Om læreplanforståing og samanheng mellom kompetansemåla i læreplanverket og spesialundervisning, inkludert vurdering om avvik frå læreplanverket, er dette eit tema PPT vil arbeide med som utviklingsområde i 2017.
- Skuleeigar har presisert at alle timar skal vere i 60 min-einingar, og at dette skal kome tydeleg fram både i sakkunnig vurdering, enkeltvedtak og i IOP.
- Skuleeigar er oppteken av å sikre tilstrekkeleg forvaltningskompetanse hjå rektorane, og skal arrangere to kursdagar for denne gruppa relatert til dette temaet.

Kursdagane vil ta for seg emna:

- Regelverk
 - Korleis ordlegg me oss?
 - Rettleiingsplikt
 - Førebels svar
 - Grunngeving
 - Habilitet
 - Klagehandsaming
- Som oppfølging av dei to kurssdagane vil skuleeigar følgje opp rektorane, be om døme på vedtak, gjennomføre stikkprøvar og leggje til rette for erfaringsdeling og læring i rektormøta. Skuleeigar vil følgje opp temaet til ein ser at ein har oppnådd ønska forvaltningspraksis.

Ein kommentar i høve til innføringsklasse for minoritetsspråkleg: Viser til førebels tilsynsrapport om Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og skulebasert vurdering s.16. Her står det at Lindås kommune har tilbod om eigen mottaksklasse for nyankomne elevar med

minoritetsspråkleg bakgrunn. Dette stemmer ikkje heilt. Lindås kommune har etablert ein innføringsklasse for einslege mindreårige asylsøkjjarar som bur i mottak på Vågseidet, men andre elevar i kommunen har ikkje høve til å delta i dette tilbodet. Minoritetsspråklege elevar ved dei andre skulane, får tilbod om særskild språkopplæring ved heimeskulen. Elevane i innføringsklassen på Lindås er no på veg inn i ordinær skule, Lindås ungdomsskule.

Som vedlegg til dette skrivet følgjer uttale frå rektorane ved Ostereidet ungdomsskule og Knarvik barneskule samt kommunale malar knytt til særskild språkopplæring og spesialundervisning.

Med helsing

Kristin Moe
kommunalsjef oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar på førebels tilsynsrapport - Ostereidet u
Svar på førebels tilsynsrapport - Knarvik b
Vedlegg 4 Førehandsvarsel om særskild språkopplæring
Vedlegg 6 Samtykke til vedtak om særskild språkopplæring
Mal - Førehandsvarsel om spesialundervisning
Mal - Samtykke til vedtak om spesialundervisning
mal enkeltvedtak spesialundervisning 2016 aug
Mal enkeltvedtak særskild språkopplæring 2016 aug
Mal enkeltvedtak avvikling av særskild språkopplæring 2016 des

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland